

Sosialt ansvar

- Venstre krev at Odda sjukehus opprettheld akuttfunksjonane som er naudsynte for å tryggja innbyggjarane i Hardanger.
- Venstre vil realisera bygging av helsesenter i Kinsarvik i valperioden.
- Sjukeheimane må vedlikehaldast og oppgraderast i tråd med krava i samhandlingsreforma.
- Det må leggjast vekt på sosialisering og aktivisering av eldre.
- Venstre ynskjer å oppretta helsestasjon for eldre.
- Det bør opprettast stilling som ergoterapeut.
- Venstre vil stimulera til ei frivillig besøksteneste på sjukeheimane og i aldersboligane.
- Ullensvang treng eit aktivt rekrutteringsprogram med tanke på stillingar i pleie- og omsorgstenesta, samt helse og velferd. Me vil gå inn for at det i budsjettet vert løyvt midlar til helgestillingar ved sjukeheimane for ungdom i ungdomskulen / vidaregåande skule.
- Venstre vil gå inn for å oppretta eit desentralisert utdannings- og etterutdanningstilbod som er slik organisert at ein slepp reisa bort i lange periodar.
- Psykiatritenesta må styrkjast. Likeins tilbodet innan rusomsorg.
- Tannhelsetenesta bør vera offentleg.
- Ved innkjøp av IKT-system i heradet skal programvare basert på ein fri lisens vurderast på lik linje med lukka løysingar.



Kandidatar 2011 i Ullensvang Venstre



1. **Sverre Kleivkås** (39)
Banksjef, 5781 Lofthus
Sverre Kleivkås har vore leiar i Ullensvang Venstre i 12 år, og er glødande oppteken av å foredra lokalsamfunnet i Ullensvang.



2. **Bodil Moss** (42)
Kontormedarbeidar, 5776 Nå
Ny i politikken, og oppteken av skulestruktur og nærmiljø.



3. **Anders Djonne** (45)
Sjølvtendig næringsdrivande, Tømrar
5734 Vallavik. Oppteken av å jobba for ungdom og framtida dei unge.

4. **Petter Sexe Ulriksen** (35)
5773 Hovland
5. **Endre Bjotveit** (34)
5780 Kinsarvik
6. **Kari Herstad** (57)
5773 Hovland
7. **Knut Raungard** (47)
5780 Kinsarvik
8. **Nina Herland** (49)
5780 Kinsarvik
9. **Ivar Tveito Eidnes** (33)
5781 Lofthus
10. **Amund Måge** (51)
5776 Nå
11. **Reidar Kleivkås** (66)
5781 Lofthus
12. **Kari Rutle** (48)
5780 Kinsarvik
13. **Torbjørn Bjotveit** (29)
5780 Kinsarvik
14. **Ingrid Solfrid Svoldal** (60)
5773 Hovland
15. **Arild Ringøy** (35)
5781 Lofthus
16. **Harald Gjernes** (69)
5781 Lofthus
17. **Aslaug Elisabeth Reisæter** (58)
5778 Utne
18. **May Bente Ø. Sekse** (49)
5781 Lofthus
19. **Knut Børve** (42)
5781 Lofthus
20. **Britt Margrethe R. Thorsen** (58)
5780 Kinsarvik
21. **Johnny Bratland** (63)
5781 Lofthus
22. **Jan Inge Næss** (67)
5781 Lofthus
23. **Marie Elise Lindskog** (32)
5781 Lofthus
24. **Vegard Svoldal** (35)
5780 Kinsarvik
25. **Joronn Ystaas** (81)
5781 Lofthus
26. **Trond Steinsland** (64)
5780 Kinsarvik
27. **Gunbjørg Kvåle** (80),
5780 Kinsarvik

Ullensvang Venstre

Skule
Miljø
Ungdom
Sosialt ansvar
Småbedrifter
Idrett

«Gode grende-
miljø er ein føre-
setnad for at folk
ynskjer å bu i
heradet vårt.»



Foto/Design: ite

www.venstre.no/hordaland/ullensvang

Sverre Kleivkås
Ordførarkandidat for Ullensvang Venstre

venstre

Liberalt og fruktbart

- Venstre meiner at det er dei folkevalde som må setja måla og trekkja opp dei store linjene i lokalpolitikken. Me ynskjer å vera inkluderande og oppnå folkeleg deltaking og engasjement for å sikra demokratiet. Prinsipielt bør stillingane som rådmann og assisterande rådmann vera på åremål.
- Me ynskjer å fokusera på ungdom og deira hjartesaker, samt vera ein pådrivar på å inkludera ungdomsrådet i viktige saker.
- Gode grendemiljø er ein føresetnad for at folk ynskjer å bu i heradet vårt. Venstre vil på det sterkaste freista å stimulera til at folketalet aukar. Det må koma bustadfelt i alle krinsar.
- Me vil ta initiativ til å samla personar frå fleire herad for å drøfta framtidig kommunestruktur

Miljø og samferdsle

- Venstre vil arbeida for meir midlar til rydding langs vegane og stell av kulturlandskapet. Heradet må få råderett over meir SMIL-midlar.
- Det må etablerast ei tidsavgrensa ordning for gratis innlevering av plantevernmiddele som ikkje lenger kan nyttast.
- Venstre har i inneverande periode fått vedteke ein gateljosplan for heradet. Denne må gjennomførast. Gamlevegen over Sekse må få ljøs no! Kommunale vegar må utbetrast og asfalterast.
- Det må verta enklare å skilja frå strøtomter. Me går sterkt inn for bustadfelt i alle krinsar, til t.d. på Sekse, Vikebygd og Vines.
- Venstre vil sikra at arbeidet med ei oppgradering av Lofthus sentrum vert gjennomført.
- Ferjetilbodet Utne – Kvandal må betrast på kvelds- og nattestid. Offentleg rutetilbod må vera forutsigbart i minst eit år framover. Heilårsdrift på snøggåten må kunna kombinerast med reiselivet sine behov og samstundes vera tenleg for busette i heradet.
- Vegane gjennom heradet må rassikrast i eit raskare tempo.
- Arbeidet med nye vegtraséar over Hardangervidda og Haukeli bør prioriterast.
- Me vil arbeida for radio- og mobildekning i alle tunellar i heradet.
- Venstre støttar arbeid med kvalitetssikring av fiskebestanden i alle vassdrag og seier ja til oppdrettsanlegg på land.



Skule og barnehage

- Grendeskulane må oppretthaldast og sjåast i samanheng med styrking av grendemiljøet. Dei elevane som soknar til nordsida, skal framleis bruka Granvin som skulestad. Det er viktig å spela på lag med foreldra i spørsmålet om kva som er ein god skule. Vedlikehald av kommunale bygg må prioriterast.
- Venstre meiner at skulen må stimulera alle elevar på det nivået dei er. Ressursar må setjast inn tidleg i skulegangen for å hjelpa dei med særskilde behov.
- Elevane må ha tilgang til gratis frukt heile året, lokalprodusert i sesongen.
- IKT-opplæringa må styrkjast. Lærarane må stimulerast til etterutdanning og kompetanseheving.
- Barnehagane må utvidast slik at alle får plass nærast der dei bur. Ny barnehage må byggjast i Kinsarvik.

Små og mellomstore bedrifter

- Venstre vil gå inn for at det vert oppretta ei stilling som næringskoordinator i heradet, eller stimulera til vidarutvikling og styrking av Hardanger Næringspark. Dette for å gje informasjon, inspirasjon og hjelp i ein etableringsfase.
- Næringsfondet må styrkjast og stimulera til nyskaping.
- Me vil stø opp om arbeidet med entreprenørskap i skulen.
- Reiselivet vil vera ei næring for framtida i Ullensvang. Det er viktig å stø opp om denne næringa.
- Heradet skal stimulera til aktiv næringsutvikling i landbruket. Venstre vil støtta initiativ til foredling av lokalprodusert mat og anna verdiskaping basert på gardane sine ressursar. Det bør verta betre vilkår for lokalproduksjon av øl og sider.

Idrett og fritid

- Kulturmidlar skal styrkjast for å stimulera til auka aktivitet i frivillige lag og organisasjonar.
- Cross- og triallbanen på Svartveit skal ferdigstillast seinast i 2012.
- Venstre vil styrkja det gode ungdomsarbeidet i heradet ytterlegare.
- Venstre vil stimulera til auka bruk av Hardangervidda som fritids- og aktivitetsområde. Turvegar og skiløyper må vedlikehaldast.
- Utne må få opparbeidd ein tenleg leikeplass og samlingsplass.
- Venstre vil arbeida for å realisera planane om bygging av fleirbrukshall.



VENSTRE SER DET SOM SÆRS VIKTIG FOR LOKAL-
DEMOKRATIET AT PARTIPROGRAMMET VERT LESE GRUNDIG!